

## Vilkår for turar/kurs/pakketurar og overnatting arrangert av Sogndal Lodge & Guiding (SLG).

**Ver merksam på at vilkåra nedanfor er ein del av avtalen du inngår med oss når du melder deg på ein tur/kurs/pakketurar eller bestiller overnatting. Les derfor gjennom vilkåra før du melder deg på ein tur eller bestiller overnatting.**

### Overnatting på Sogndal Lodge

Sogndal Lodge brukar Dampskipskaaien, Bryggjegota 6, som resepsjon. Der sjekkar gjestene inn og får kode til døra om du ikkje har fått denne på førehand. Å bu på Sogndal Lodge er basert på tillit, føl deg som heime, oppfør deg som du ville gjort heime og gi beskjed om noko er i ustand/øydelt eller unormalt. Utvask er normalt inkludert i prisen, men me kan sjå oss nøyde til å senda ekstra faktura om det er svært tilgrisa eller inventar øydelt. Fakturaen vil vera reel i forhold til ekstra vask, eller for å erstatta det som er øydelt.

Når du bestiller overnatting, vil me så snart me kan senda faktura. Det er først når denne er betalt at overnattinga er stadfesta, om det ikkje på førehand er gjort skriftleg i mail frå SLG.

### Avbestillingar:

Avbestilling må skje skriftleg via mail til [post@sogndallodge.no](mailto:post@sogndallodge.no). Avbestillingar gjeld frå første påfylgjande arbeidsdag SLG mottek dokumentet/mailen.

Avbestilling 15 dagar før første overnatting gjev 100 % tilbakebetaling av betalt beløp.

Avbestilling 14-7 dagar før første overnatting gjev 50 % tilbakebetaling av betalt beløp.

Avbestilling 7-0 dagar før første overnatting gjev ingen tilbakebetaling.

### Guida turar, kurs og pakketurar:

#### Risiko

På våre turar kan det oppstå situasjonar som vil medføre fare og skade. Du som kunde må vera inneforstått med at deltaking skjer på eige ansvar. Me brukar erfarne guidar/instruktørar/førarar (heretter berre omtalt som guide) som har rett erfaring/utdanning for turen/kurset/oppdraget. Skulle det likevel oppstå ubehag eller skade kan ikkje guiden eller SLG som turoperatør stillast til ansvar. Føl du instruksane til guiden er sjansen for skade mindre. Har du sjukdommar eller andre handikap som gjer at du er mindre skikka til å sjå etter din eigen tryggleik, er det di plikt å opplyse guiden om dette.

#### Ytre omstende

SLG kan ikkje haldast ansvarleg for naturkatastrofar, naturhendingar (force majeure), pandemiar og epidemiar som gjer at turen/kurset ikkje kan gjennomførast. Heller ikkje om det skulle oppstå hendingar på eller før turen (dårleg vær, skade, uhell eller liknande) som gjer at turen ikkje kan gjennomførast eller at heimreisa vert forseinka.

Om turen vert avlyst pga dårleg vær eller andre uynskte hendingar er det i alle tilfelle ikkje mogleg å få ei tilbakebetaling - eller å ikkje betala for bestilt tur eller opplegg. Her gjeld avbestillingsvilkåra, sjå desse under.

#### Påmeldingsavgift

Alle turar/kurs/pakketurar har ei påmeldingsavgift. Påmeldinga er først gjeldande når denne er betalt. Denne avgifta kan ikkje tilbakebetalast av noko som helst grunnlag. Faktura på påmeldingsavgifta vert sendt ut straks etter at påmelding er motteke. Dette vert kalla finansiell forskudd i fakturaen og vert alltid trekt i frå original/avtala sum/pris. Det er først når påmeldingsavgifta er betalt at påmeldinga er stadfesta, om det ikkje på førehand er gjort skriftleg i mail frå SLG. Turar/kurs/pakketurar som er bestilt av ein person, men som omfattar fleire deltakarar vil ha eit påmeldingsavgift på 3000 kr. Opne turar der ein og ein deltakar melder seg på vil ha eit påmeldingsavgift på 1000 kr pr pers.

#### Forsikring

Det er di plikt å kjøpe avbestillingsforsikring før du melder deg på turen. Reise og ulukke forsikring er også di plikt å skaffa i henhold til den aktuelle turen i god tid på førehand.

### Avbestillingar:

Avbestilling må skje skriftleg via mail til [post@sogndallodge.no](mailto:post@sogndallodge.no). Avbestillingar gjeld frå første påfylgjande arbeidsdag SLG mottek dokumentet/mailen. Faktura vert vanlegvis sendt ut 60-30 dagar før tur/kurs start.

#### • Guida turar/kurs

Avbestilling 31 dagar før aktivitetstart gjev 100 % tilbakebetaling av betalt beløp, eller inga faktura.

Avbestilling 30-15 dagar før aktivitetstart gjev 50 % tilbakebetaling av betalt beløp, eller faktura på 50 % av ordrebøpet.

Avbestilling 14-0 dagar før aktivitetstart gjev inga tilbakebetaling, eller faktura på heile ordrebøpet.

#### • Pakketurar: overnatting på Sogndal Lodge (eller andre stader SLG har bestilt) og guiding, bestilt som pakke

Avbestilling 45 dagar før aktivitetstart gjev 100 % tilbakebetaling av betalt beløp, eller inga faktura.

Avbestilling 45-31 dagar før aktivitetstart gjev 50 % tilbakebetaling av betalt beløp, eller faktura på 50 % av ordrebøpet.

Avbestilling 31-0 dagar før aktivitetstart gjev inga tilbakebetaling, eller faktura på heile ordrebøpet.

#### • Spesielle reglar for turar/kurs/pakketurar som varar meir enn 4 dagar

Avbestillingar som kjem oss i hende 60 dagar før turen startar vil verta refunderte med inntil 50 % av hovudfakturaen.

Avbestillingar som kjem 59-0 dagar før turen startar vil ikkje verta refunderte.



**Sogndal Lodge & Guiding**

Almenningen 10, 6856 Sogndal, Noreg

Telefon: +47 57629988 E-post: [post@sogndallodge.no](mailto:post@sogndallodge.no)